

Lindåstunet AS  
Gamle Prestavegen 34  
5955 LINDÅS

Unnateke off.  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 2

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1859 - 14/15565

Saksbehandlar:  
Hogne Haugsdal  
Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2014

## Samarbeid Lindås kommune og Lindåstunet - Driftstilskot og leigeavtale

Viser til møte med representantar frå styret i Lindåstunet AS og dagleg leiar 24.06.14. Tema for møtet var oppfølging av kommunestyrevedtak frå 12.06.14 vedrørande samarbeidet mellom Lindåstunet AS og Lindås kommune. Følgjande blei diskutert og avklart i møtet:

### Driftstilskot til Lindåstunet AS:

Lindås kommune bidrar med driftstilskot på kr 2,75 mill per år til Lindåstunet AS. Dette tilskotet kan ikkje kommunen gje til Lindåstunet lenger. Partane blei samd om at tilskotet frå kommunen blir stoppa frå 1. oktober 2014. Når det gjeld kostnad til vaken nattevakt ser kommunen det som naturleg at dette også stoppar 1. oktober 2014. Lindåstunet AS formidla i møtet at fjerning av driftstilskotet fører til nedlegging av dagens drift. Dette vil få konsekvensar for dagens bebuarar og det er viktig at Lindåstunet orienterer og informerer om konsekvensane. Viss det er bebuarar som har behov for tenester gjennom Lindås kommune, må dei søke om dette via kommunens bestillarkontor.

### Oppseiing av leigeavtale:

Lindås kommune og Lindåstunet AS har ein leigeavtale som går ut 01.07.2014. I punkt 5 i avtalen står det at partane har rett til å seie opp avtalen, med 6 månaders varsel, dersom drifta blir lagt ned. Lindås kommune ønskjer med dette seie opp leigeavtalen frå og med 30.06.2014, det betyr at gjeldande avtale gjeld til 30.12.2014. Partane blei samd om å finne ei formulering rundt leigekostnaden, og kva forpliktingar Lindåstunet AS har om drifta blir lagt ned frå 1. oktober. Lindås kommune kjem attende med forslag til ei formulering som kan vere eit tillegg til avtalen.

### Opsjon og kjøp av bygningar:

I leigeavtalen har Lindåstunet AS ein opsjon til å kjøpa bygningane til marknadstakst. Slik kommunen oppfattar det, skal Lindåstunet AS vurdere om dei vil kjøpe bygningane. Viss dette er aktuelt, vil kommunen og Lindåstunet gå inn i ei forhandling. Partane blei samd om at kommunen sjekkar ut kva for vilkår som ligg i festekontrakten med Opplysningsvesenets fond.

Spørsmål og vidare dialog i saka kan takast med underteikna.



Med helsing

Hogne Haugsdal  
ass. rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Lindåstunet AS

Gamle  
Prestavegen 34

5955

LINDÅS